

Protokoll etter årsting i Møre og Romsdal skyttarkrets i 2023

Molde, laurdag 15. april 2023 frå kl 12

Sak 1: Godkjenning av frammøtte representantar

Det møtte 15 representantar frå klubbar, kretsstyret og kontrollkomiteen. Alle blei godkjende med stemmerett.

Sak 2: Godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden

Innkalling, saksliste og forretningsorden blei godkjende.

Sak 3: Val av dirigent, referent samt 2 representantar til å skrive under protokollen

Helge Kristiansen blei vald til dirigent, Are Berg til referent. Svein Krakeli og Jon Arne Brekken blei valde til å signere protokollen.

Sak 4: Behandle årsberetningar for 2021 og 2022

Møre og Romsdal skytterkrets si Årsberetning 2021-2022, samt årsberetningar for Pistol, Rifle, Lerdue og Utdanningskontakt blei refererte og vedtekne.

Sak 5: Behandle kretsen sitt rekneskap for 2021 og 2022

Kasserar Rolf Toven las opp revisjonsmelding, likelydande for kvart av åra. Meldingane er utan merknadar til årstinget. Deretter blei resultat- og balanserekneskapen for begge åra forklart. Kontrollkomiteen hadde kontrollert rekneskapen og hadde ingen kommentarar. Rekneskapen for 2021 med eit underskot på 91 111,72 og eigenkapital på 502 085,02 blei vedteke som skyttarkretsen sin rekneskap for 2021. Rekneskapen for 2022 med eit overskot på 48 908,92 og eigenkapital på 551 788,96 blei vedteke som skyttarkretsen sin rekneskap for 2022.

Sak 6: Behandle innkomne forslag

Sak 6.1 RTT – Regionalt TreningsTeam for luft og felt

Det blei vedteke at styret har fullmakt til å utvikle RTT for feltskyting innanfor ei budsjettamme på 40 000,- per år pluss eventuelle sponsormidlar som kjem inn til tiltaket. Dette er den same budsjettamma som gjeld for RTT for luftvåpen.

Sak 6.2 Kretsen er 50 år den 7. desember 2023

Det blei vedteke at det skal arbeidast mot ei markering som inneheld ordinært kretsting, middag på hotell dekt av kretsen og skytekonkurranse, eventuelt finale i skytekonkurranse. Målet er å avvikle dette i Molde ei helg tidleg i året 2024. Komiteen som skal arbeide med saka består av kretsstyret pluss Morten Bergheim, Jan Arve Wiik og ein frå Molde Pistolklubb.

Sak 6.3 Rullering av Langtids- og virksomheitsplan

Oppdatert Langtids- og virksomhetsplan for 2023 – 2027 for skyttarkretsen blei gjennomgått. På side fire under overskrifta «Rekruttering av ungdom» skal eit av måla vere: «Stimulere klubbar til å bli med på forbundet sin konkurranse «Norma ungdomscup». Med den endringa blei planen vedteken.

Sak 7: Fastsette kretskontingent for 2024

Skyttarkretsstyret la fram forslag om å halde kretskontingenten for 2024 uendra på kr 60,- per medlem over 20 år. Årsmøtet foreslo å auke kontingenten til 70,-. Styret trekte sitt forslag og kr 70,- blei samrøystes vedteke.

Sak 8: Behandle budsjett for 2023

Rolf Toven forklarte styret sitt forslag til budsjett i 2023. Etter vedtaket i sak 6.1 og behandlinga av budsjettet, blei framlegget justert slik: Momskompensasjon: redusert frå 5 000 til 3 000, Leige av lokaler auka frå 2 000 til 3 000 og Andre kostnader (RTT-satsing) auka frå 10 000 til 90 000. Dette gir eit budsjett med Inntekter på 115 250,- Utgifter på 194 000,- Driftsunderskot på 78 750,- og Årsunderskot på 77 950,- Det justerte budsjettet blei samrøystes vedteke.

Sak 9: Engasjere revisor

Skyttarkretsstyret la fram forslag om å engasjere DBO Kristiansund som revisor også for 2023. Forslaget blei vedteke samrøystes.

Sak 10: Val

Valkomiteen hadde gjort klart forslag til kandidatar til tillitsvalde og styret hadde forslag til valkomite. Etter vala er dette dei tillitsvalde i Møre og Romsdal skyttarkrets for 2023:

Styret

Leiar	Helge Kristiansen	Sunnal PK	Gjenvald for 1 år
Nestleiar	Are A. Berg	Ørsta/Volda PK	Gjenvald for 1 år
Styremedlem	Rolf Toven	Nesset PK	Gjenvald for 1 år
Styremedlem	Jorunn Walsø Aalmo	Sunnal PK	Vald for 1 år
Styremedlem	Karoline Hansen	Storfjorden SSL	Gjenvald for 2 år
Styremedlem	Andre Hansø	Kristiansund SSL	Vald for 2 år
Varamedlem	Tore Gundersen	Vigra og Valderøy PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Svein Krakeli	Eide/Fræna PK	Gjenvald for 2 år
Varamedlem	Olga Pavlova	Molde PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Jorunn Snekvik	Storfjorden SSL	Gjenvald for 2 år

Kontrollkomité

Medlem	Steinar Staurset	Fannefjord PK	Gjenvald for 1 år
Medlem	Morten Bergheim	Eide/Fræna PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Geir Liljevold	Vigra og Valderøy PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Geir Øverås	Vestnes PK	Gjenvald for 1 år

Valkomit 

Leiar	Jon Arne Brekken	Sunndal PK	Gjenvald for 1 �r
Medlem	Bj�rn Egil Larsen	Vigra og Valder�y PK	Gjenvald for 1 �r
Medlem	Olaf Isaksen	Kristiansund SS	Gjenvald for 1 �r
Varamedlem	Trond Wiggo B�vre	Sunndal PK	Vald for 1 �r

 rets forbundsting er neste helg. Styret sitt forslag til delegat er: Helge Kristiansen, Karoline Hansen og Are Berg fr  kretsstyret og Svein Krakeli fr  klubbar. Forslaget blei godkjend. Styret har fullmakt til   velje representantar til ting fram til neste  rsting i skyttarkretsen.

Sak 11: Bestemme stad for neste  rsting

Det var vedteke i sak 6.2 at neste ordin re  rsting i M re og Romsdal Skyttarkrets blir arrangert i Molde.

Sak 12: Utdeling av medaljar og pokalar for 2022

Rolf Toven delte ut medaljar og pokalar til vinnarar i kretsmeisterskap og kretscupen i pistolskyting.

 rsta. 17. april 2023. Referent: Are Berg

Signatur valde tingdeltakarar:


Svein Krakeli


Jon Arne Brekken